



Saksmappe: 2023/17  
Sakshandsamar: ALI  
Dato: 22.03.2024

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
38/24	Planutval	08.04.2024
17/24	Levekårsutval	10.04.2024
5/24	Ungdomsrådet	09.04.2024
39/24	Formannskap	09.04.2024
32/24	Kommunestyret	25.04.2024

### Kommuneplanens samfunnsdel. Offentleg ettersyn.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek å leggje forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel ut på offentlig ettersyn og høyring etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 11-14.

#### Planutval si handsaming av sak 38/2024 i møte den 08.04.2024:

##### Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samrøystes vedteken

##### Vedtak

Kommunestyret vedtek å leggje forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel ut på offentlig ettersyn og høyring etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 11-14.

#### Levekårsutval si handsaming av sak 17/2024 i møte den 10.04.2024:

##### Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samrøystes vedteken

##### Vedtak

Kommunestyret vedtek å leggje forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel ut på offentlig ettersyn og høyring etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 11-14.

**Ungdomsrådet si handsaming av sak 5/2024 i møte den 09.04.2024:**

**Handsaming**

Kommuneplanens samfunnsdel vert drøfta.

Det vart ikkje gjeve merknader eller gjort vedtak.

**Vedtak**

**Formannskap si handsaming av sak 39/2024 i møte den 09.04.2024:**

**Handsaming**

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

**Vedtak**

Kommunestyret vedtek å leggje forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel ut på offentlig ettersyn og høyring etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 11-14.

**Kommunestyret si handsaming av sak 32/2024 i møte den 25.04.2024:**

**Handsaming**

Saka vart drøfta

[Opne folkemøter 22. mai i Bykle og 23. mai på Hovden]

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kommunestyret vedtek å leggje forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel ut på offentlig ettersyn og høyring etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 11-14.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunal planstrategi for Bykle 2020-23 vart vedteke 22.6.2020. Av planstrategien går det fram at arbeidet med revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen skulle setjast i gong i 2023.

Forslag til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel blei lagt fram til handsaming og utlegging til offentleg ettersyn i Kommunestyret 30. mars 2023, og vedtatt 31.08.2023.

Gjennom hausten 2023 og vinteren 2024 har det vært gjennomført fleire politiske verkstader for drøfting av kunnskapsgrunnlag, dei lange linene, satsingsområde og arealstrategiar. Forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel blir nå fremma for offentleg ettersyn og høyring i lokalsamfunnet.

### Formelt grunnlag

Prosesen med utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel følgjer av plan- og bygningslovas § 4-1 om planprogram og elles i hovudsak kapittel 11 som gjeld kommuneplan.

### Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Planarbeidet er planlagt gjennomført dels i eigen regi og ved innleige/tenestekjøp innafor driftsramme planavdelinga og lokal rammeavtale om tenestekjøp. Kostnader til gjennomføring av verkstader/scenario er dekt innafor driftsramma.

### Forslag til kommuneplanens samfunnsdel

Samfunnsdelen er kommunens viktigaste overordna plan. Planen set mål for kva lokalsamfunn ein ynskjer å ha, og kva strategiske verkemidlar kommunen vil bruke for å nå dei.

### Prosess

Prosesen starta med det førre kommunestyret som drøfta kunnskapsgrunnlaget og utviklingstrekk for Bykle våren 2023. Planprogrammet blei vedtatt av det same kommunestyret august 2023. Etter valet har det vore tre politiske verkstader med det nye kommunestyret der framtidsbilete, dei lange liner, satsingsområde og arealstrategiar er drøfta. Det har og vært drøftingar med administrativ leiing for å supplere og konkretisere kva resultat av dei politiske verkstadene har å seie for kommunens vidare arbeid. Leiargruppa har medverka med utdjuvingar og innhaldsutvikling av dokumentet.

Drøftingane er tufta på eit godt kunnskapsgrunnlag som er basert på data frå ein lang rekke kjelder. Dette ligg ved planen. Bykle kommune er, saman med andre små kommunar, med i eit samarbeidsprosjekt der Fylkeskommunen og Distriktssenteret gjev råd og rettleiing i planprosessen.

Ein ynskjer at kommuneplanens samfunnsdel skal bli eit enda betre fungerande styringsverktøy for kommunestyret. Det er difor viktig at samfunnsdelen blir vedtatt tidleg i valperioden, at arbeidet er basert på eit grundig kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete, at den har gode koplingar til økonomi- og handlingsplan. Det er kommunestyret som skal styre etter planen som også får sette mål og satsingsområde for perioden.

Planen blir nå lagd ut på offentleg ettersyn og høyring for å blir drøfta i lokalsamfunnet i Bykle kommune. Kommunen tek sikte på å halde opne møte for alle interesserte bae på Hovden og i Bykle. Det vil og bli mogleg å kome med innspel via ein digital løysing.

Kommuneplanen blir alle planars «mor», og slik prosessen nå har vært gjennomført har politikarane i mykje større grad hatt regien på innhaldet i samfunnsdelen som skal bli det viktigaste styringsdokumentet i valperiode. Planen vil bli lagt til grunn for dei satsingane og prioriteringane

kommunen skal ha og gjennomføre framover. Samfunnsdelen vil bli følgd opp i økonomi- og handlingsplanen, men og med andre strategiar, handlingsplanar og temaplanar.

Samfunnsdelen inneheld og ein arealstrategi som vil vere ei viktig føring for arbeid med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, som vil starte i etterkant.

Bykle, 20.03.2024

Kommunedirektør

**Vedlegg:**

**Melding om vedtak blir sendt til:**